



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1958

Namnet på vatnet Årdnaelvet
Kommune Bangsund

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

K V E D N A V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 15. aug. 1978.

Vatnet ligg i Haugesund kommune, nærare stadfest nord for Kalland og på austsida av Kallandsvatnet.

Arealet er omlag 9 ha. og h.o.h. 86 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over grunnlendt nær land og vesentleg djupare utpå.

Stranda består av stein og fjell over det heile.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i vatnet er frodig og ein vil finna botngras, brasme-gras, flotgras, nøkkeroser, siv- og algevegetasjon frå strandkanten og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter; snaumark kor røslungen dominerar, noko kulturskog og spreid bjerkeskog.

Det største bekketilsiget fell inn i nord og kjem frå Langatjørn.

Forutan dette fell det inn nokre mindre bekketilsig.

Avlaupet renn ut i sør og går til bekken mellom Sandvatnet og Kallandsvatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Fargen på vatnet er brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 5.6 som er godt brukande for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er målt til 2.25 mg/l og den totale hardheita 3.75 mg/l. Dette er relativt bra samanlikna med andre ana-

lyserte vatn og svingningane i pH skulle vera moderate gjennom året.

Elektrisk leiingsemne = 38.5.

Gjennomstrøyminga er liten.

Mageprøver.

For å få greie på kva fisken egentleg ernærte seg av, på det tids-
punkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar.
Her vart det funne stingsild, buksvømmere, mygg og plankton.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m med planktonhov og
resultatet var ein medels rik prøve kor dyreplankton dominerte.

Fisk m.v.


Fiskeslaga i vatnet er aure, stingsild og ål.

Det vart sett ut 5 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter
1 fangstnatt var 19 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av alle fiskane og av desse var 10 røde og 9 lys-røde i fiskekjøttet.

Vidare var det 7 hanfiskar og 12 hofiskar.

1 fisk var angripen av parasittar.


Medelvekta av fiskane var 198 gram.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengda i cm	4.9	9.7	15.6	21.8	26.6	28.1
Årleg lengdtilvekst i cm	4.9	4.8	5.9	6.2	4.8	1.5
Antall fiskar	19	19	19	18	12	2

Medel kondisjonsfaktor = 1.05 tilseier fisk av god kvalitet.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Kvednavatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr.år).



Som vi her vil sjå, syner auren i Kvednavatnet ein normal lengdetilvekst dei 2 første leveåra, men etter denne tid ligg veksten over normalen fram til 5-6 års alder. Fisken går mot ei maksimal-lengd på ca. 30 cm. Noko fisk som er større enn dette vil det nok finnast, men ikkje særleg mange.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at tilhøva ligg vel til rette for fiskeproduksjon i Kvednavatnet. Vidare at fiskebestandet er litt i underkant av vatnet si bæreemne.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse bra og mageprøvene, saman med planktonprøvene, syner fleire arter verdfulle næringsdyr.

Omfarfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga, fortel om fisk av ymse årgangar og storleikar.

Endeleg har vi så vekstkurven og K-faktoren som begge er mykje tilfredstillande.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei vesentleg rolle når det gjeld næringstilgang, og fylgjeleg fiskeproduksjon i eit vatn. Det er herfrå tilsiga kjem, og dei stoffa som tilsiga fører med seg vil setje sitt preg på vatnet - enten til godt eller vondt. Er det kultivert mark i nedslagsfeltet, vil alltid tilsiga føre verdfulle næringsstoff med seg, og dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatna og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget.

Nedslagsfeltet for Kvednavatnet er relativt bra og tilsiga frå kultivert mark dreg i positiv lei. Ein får såleis ei brukbar "bufferemne" som er i stand til å nøytralisere svovelstoffa i nedbøren.

Ser vi på fiskane vi fekk så var desse av mykje god kvalitet og vekstkurven tyder på at næringsforrådet ville tåle eit noko større fiskebestand enn det som er tilfelle i dag.

Gytetilhøva for auren i Kvednavatnet er heller dårlege, slik at det blir små årgangar med yngel og småfisk som årleg kjem ut i vatnet. Fisken vil vanskeleg kunna gå frå Kvednavatnet til Langavatnet, men noko fisk går nok den motsatte vegen.

P.g.a. ei luke i ein demning i utlaupet av Kvednavatnet vil ikkje auren frå Sandvatnet kunna koma opp i Kvednavatnet, men fisken vil under flaumar kunna gå ut av Kvednavatnet til Sandvatnet.

Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at grunneigarane går saman og skipar til eit grunneigarlag og vidare at ein går i gang med fiskekortsal for stangfiske. Garnfiske må grunneigarane sjølv ha ein retten til.

Vatnet ligg lageleg til, og byd på feit, fin fisk, så det var sikkert mange som ville prøve fiskelukka si her. På denne måten vil ein kunna få inn nokre kroner som i fyrste omgang kan brukast til aktuelle kultiveringstiltak.

Mykje talar for at fiskebestandet i Kvednavatnet kunne vore noko større og at ein framleis vil kunna ha same gode fiskekvaliteten. Vi vil tilrå at det blir sett ut noko setjefisk for dermed å nytta det eksisterende næringsforrådet fullt ut.

Kor mykje fisk skal så setjast ut? Reknar vi med at vatnet vil kunna produsere ca. 5.00 kg fiskekjøtt pr. ha og år, vil avkastinga bli ca. 45 kg. Set vi fiskestorleiken til ca. 200 gr. tilsvarar dette 225 fiskar. Reknar vi vidare med at ca. 50 % av rekrutteringa står auren sjølv for, skulle eit høvande utsetjingstal vera ca. 100 fiskar. Dette kan ein med fordel setja ut kvart år og fisken bør merkjast før utsetjing, slik at ein ved gjenfangst kan kontrollere lengde, vekt m.v.

Då det er ål i vassdraget, må grunneigarane nyttiggjera denne. Ved å montere ei ålefelle på utfallsbekken, eller ei ruse ved utfallsosen, vil ein kunne fange utgangsålen. Det er som kjent om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

Vatnet er lite og oversikteleg og fiskebestandet lett å halda under kontroll.

Ved å gjennomføra dei tiltaka som her er peika på, meiner vi vatnet ville bli nytta på beste måte for alle, og underskrivne vil om ynskjeleg vera hjelpesam med å setja tiltaka ut i livet.

Stavanger 17. febr. 1979

Einar Berg